



Gymnastikksalen ved Herøysund-skulen blir øvingslokale også i denne sesongen. (Foto: Ola Matti Mathisen):

Torsdag i neste veke startar ein ny sesong for "Røyserett for alle" med den første øvinga i skulen i Herøysund. Leiar Lars Henrik Skogtun inviterer fleire til å bli med i det populære og dyktige koret, som har basen sin i Uskedalen.

- Vi treng rekruttering, og koret er ope for alle, sleg Skogtun fast. Men han presiserer at dei framleis er 38 aktive songarar og ikkje har hatt noko "svinn" når ein unntar den eldste som var 81 og har takka for seg

- Er det ikkje trong for til dømes fleire altar, som vi har hørt om tidlegare?

- Vi har trong for alle, ikkje berre altar. Det er snittalderen eg då tenkjer på. Den er no godt over 50 år og sjølv om songarane våre er spreke må vi tenkja framover. Det tyder at inntaksstoppen for damer no er oppheva. Vi tar til å bli vaksne og må fornya oss, seier Skogtun til uskedalen.no..



Maria Malmsten tek fatt på ein ny sesong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Herøysund-skulen blir fast øvingsstad også i denne sesongen og øvingane vil no starta klokka halv sju på torsdagane. Den sprudlande og inspirerande dirigenten Maria Malmsten, som har gjeve koret eit musikalsk og sangleg løft, tek fatt på ein ny sesong med friskt mot.

Sesongen blir spesiell fordi koret er 20 år i 2008. Det vart formelt skipa i januar 1988 og jubileet skal sjølvsgagt markerast – både med stor konsert og tur til utlandet. Konserten blir i kulturhuset på Husnes 5. april medan det

enno ikkje er bestemt kvar turen skal gå og om den skal avviklast om våren eller hausten. Ei spesiell nemnd er sett ned for å ta seg av det prosjektet og det er fleire alternativ.

Når det ellers gjeld programmet framover, blir ein tradisjon teke opp att i Helgheim 27. september. Det er "Syng med oss", der det blir allsong, utlodning og anna. November vil bli ein travel månad. Frå 16. til 18. skal 20 av songarane ta del i eit seminar saman med Rosendal Songlag og med ingen ringare enn den eruptive sunnmøring Per Oddvar Hildre som instruktør. Det blir også eit arrangement seinare denne månaden, i veke 47..

Juleprogrammet blir som vanleg hektisk utan at det er endeleg "spikra" førebels.

Av Ola Matti Mathisen



"Røysterett for alle" syng i Kulturhuset på Husnes. Det kjem dei også å gjera under jubileumskonserten i april. (Foto: Ola Matti Mathisen)